

## **KRYSSPUBLISERING**

Lenger fram i heftet kan du lese om den såkalla mediekonvergensen, det at dei ulike medietypene kjem nærare kvarandre og ser ut til å smelte saman. Same innhaldet opptrer i mange media og skal distribuerast gjennom ulike medieformer.

## Publisering for ulike media

Eit forlag som skal publisere ei bok i framtida, vil gjere det både i papirformat, som e-bok, og som rein webutgåve for avlesing i ulike typar apparat som er tilknytta Internettet, inkludert mobile leseiningar. Då snakkar vi om krysspublisering, utgiving i ulike media på same tid.

Dersom vi skal gi oss inn på denne formen for publisering, er det ein del omsyn å ta ved utforminga av innhaldet vårt.

Mobile leseiningar har førebels liten kapasitet for tung grafikk og multimedia, medan du på ei CD-ROM kan bruke alle dei effektane du vil. Webutgåva må ta omsyn til kva for tilgang dei aktuelle brukarane har til nettet (modem, ISDN, ADSL eller breidband).

## Kontroll med resultatet

Når du arbeider med eit desktop publishing-program for papirtrykk, har du full kontroll over det ferdige resultatet. Du bestemmer nøyaktig korleis skrifta skal sjå ut, korleis bilde og tekst vert plasserte i høve til kvarandre, korleis fargane kjem til å bli osv.

Dette gjeld ikke for publisering på web. Her er det brukaren sin nettlesar som avgjer. Du veit ikkje kva for nettlesar han brukar, kva for versjon han har, kva plug-ins han har tilgjengeleg, kva oppløysing og storleik skjermen har osv.

For papirtrykk er det viktig å ha god oppløysing på bilda, medan webpublisering krev mykje mindre filstorleikar på bilda og dermed redusert bildekvalitet. Bilde og grafikk for mobile einingar skal ha endå mindre oppløysing.

Dermed må du lage det same produktet i ulike utgaver tilpassa den publiseringsforma det skal ha. Det finst konverteringsprogram for dette, til dømes program som konverterer «vanlege» websider til bruk på mobile einingar (wap eller andre format).

## Pdf

Dersom du ønskjer at det dokumentet du lagar for papirtrykk, skal ha same utforming og utsjånad også på Internett, er det vanleg å bruke såkalla pdf-format. Pdf-dokument er låst i den utforminga du gjev dei, og nettleseran hjå brukaren kan ikkje endre det. Men brukaren må ha eit spesielt program til å lese desse dokumenta (Acrobat-lesar). Det same programmet brukar du til å lage dokumentet med, men i ei anna utgåve.

## Levande bilde

Til nå er levande bilde vorte distribuert gjennom TV som sanntidsfjernsyn eller som video. Etter kvart vert det vanleg også å distribuere bilda som videostraum gjennom Internett. Då får ein mange andre moglegheiter i tillegg, som det å knyte videostraumen opp mot tekst og stillbilde og å leggje inn interaktivitet. Utgangspunktet er dei same levande bilda, men web-TV vil gje heilt andre moglegheiter for å følgje opp med andre tilleggsfunksjonar.

## Frå p-bok til e-bok

Nokre meiner at papirboka sine dagar snart er talde. Dei hevdar at bøker i papirform vil slutte å kome ut, og at digitale utgaver kjem til å ta over. Dei første e-bøkene har vore på marknaden lenge. Nokre er laga av tekstar som du rett og slett lastar ned frå web i din eigen nettlesar eller til tekstbehandleren din, medan andre er tenkt å lesast i egne e-bokmaskiner. Desse har ulike standardar.

Dei første norske e-bøkene er komne på fleire store norske forlag, men særleg på grunn av dyre lesemaskiner eller «lesefjøl», har dei ikkje fått særleg store opplag.

Leseføla fungerer på den måten at du lastar ned komplette e-bøker rett frå nettet og betalar ein viss pris for dette, vanlegvis mindre enn prisen for papirutgåva.

Forlaga ser at dei på denne måten slepp unna dyre lager med resteksemplar som ikkje vert selde. Dei slepp trykkekostnader og kan spare pengar.

Den mest selde boka frå nett er grøssarkongen Stephen King sin roman «Riding the Bullet», som selde i over ein halv million kopiar. Men den vart ikkje fullført, fordi mange av lesarane ikkje betalte for nedlastinga.

Det finst også tusenvis av gratis boktitlar på nettet, gjerne eldre bøker (på grunn av juridiske rettar). På dei nordiske språka har prosjekt Runeberg ei større samling gratis tekstar ([www.lysator.liu.se/runeberg](http://www.lysator.liu.se/runeberg)).

■ ■ ■ *Oppgåve:*

Ulike format kan brukast for krysspublisering. Det mest populære er kanskje XML (eXtensible Markup Language). Finn ut meir om formatet ved å søkje på Internett.